

VETLESETER



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Vetleseter ligg i Nordherad, ovanfor Midtli og Sveum.

Folketellinga i 1801 viser under niggard Visdal Amund Johansen som var husmann med jord. Ved barnefødsler er han nemnd Visdal fram til 1799, men frå 1803 er han nemnd Lillesæter. Vetleseter var i almeninga, at det er nemnd under Visdal kan tyde på at det var eit underbruk til Visdal. Men det kan og vera fordi almenningsbruka ikkje var sjølvstendige og dermed måtte oppførast under ein annan gard. Amund Johansen Visdal f. 1767 vart i 1796 gift med Synne Pedersdotter Nyrnes f. 1773, dei hadde barna

Anne 1796-1860, gift med Rasmus Groven 1787-1857

Iver 1797-1976, neste brukar

Johannes 1799-1865, gift med Kari Iversdotter f. 1826, på ner-Sveum

Peder f. 1803, Gjelbakken

Ole 1805-1875, gift med Ingrid Helleløkken f. 1825, på Flåten

Knut 1813-1896, gift 1845 med Kari Syversdotter Kviten 1818-1859, på Kviten

John f. 1809, ugift, men barna

Peder f. 1846, mora var Mari Iversdotter Moseie

Mari f. 1861, mora var Kari Gulbrandsdotter Kviten

Iver Amundsen vart i 1826 gift med Marit Olsdotter Glimsdal 1805-1881, dei hadde dottera

Mari 1826-1897

Mari vart i 1847 gift med Jacob Hansen Holen 1818-1876. I 1854 kjøpte han Ulsanden, og i 1865 budde dei der sjølv om dei også var brukarar i Vetleseter. Likevel er Vetleseter nemnd som buplass ved dei fleste fødslane mellom 1848 og 1867. Jakob og Mari hadde barna

Iver 1848-1924
Hans 1851-1921, gift med Ragnhild Knutsdotter Hidem, Lom
1855-1926, i Holen
Ole f. 1854, utflytta til Carlsøe 1878
Gunhild f. 1857
Marit 1859-1859
Marit f. 1860
Ole 1863-1875
Amund f. 1866

Jakob og Mari overtok Holen, og det vart sonen Iver som vart brukar i Vetle seter, og i 1875 er han nemnd som brukar. Gnr. 78 bnr. 2 vart skyldsett i 1893, det var da skjøte frå Nordherredsmarkens Bygdealmening til Iver J Lilleæter på plads Lillesæter og 6 maal udmark til indhegning for kr 400. Iver som var byggmester og spelman vart i 1872 gift med Mari Syversdotter Grev 1839-1899. Mari var fyrst gift med Østen Sande 1837-1863 og hadde barna Ingeborg f. 1861 (gift med Amund Sveum 1847-1897) og Syver Sandberg 1863-1931. Iver og Mari hadde barna

Mari 1868-1933, gift med Anders Nilsen s. Valde 1863-1843, på Åsheim

Jakob 1971-1946, gift med Anne Erlandsdotter Berge 1873-1964, i Grev

Eldri 1872-1965, gift med Syver Kristoffersen Grevrusten 1871-1959

Østen 1874-1968, neste brukar

Mari 1876-1971

Marit 1879-1968, gift med Ola Nilsen s. Valde 1874-1931

Imbiør 1881-1968, gift med Pål Torsen u. Viste 1872-1956

Gunhild f. 1886

I 1908 fekk Østen I Lille seter skjøte frå faren på Vetle seter for kr 1100,-. Han var gift med Marit Jonsdotter Nettet 1875-1968, dotter til Jon Nettet 1851-1941 og Anne ø. Strand 1856-1947. Dei hadde barna

Jon 1900-1991, gift med Gudrun Skjeggestad f. 1908

Ivar 1901-1994

Magnus 1903-1995

Jakob 1904-1984, gift med Mary Gruben f. 1917
Anne f. 1905
Syver f. 1906, gift med Klara Sæter 1920-1998
Mari f. 1909, gift med Erling Nyrnes 1909-1973
Marit f. 1912, d. ung
Eldri f. 1922, neste brukar

Eldri vart i 1943 gift med Hans Hovden 1917-1984 frå Sør-Fron, og dei overtok Vetleseter i 1953. Dei hadde sonen
Helge 1943-1981, gift med Anne Aabakken f. 1943

I 1875 var det i Vetleseter 2 uksar, 2 kyr, 1 kalv, 20 sauer og 5 geit.
Dei sådde vel 2 tønner bygg, litt rug og 3 tønner poteter.

Kjelder: P.Ø.Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom, s. 79, 113
Norske Gardsbruk 1953 – 1997
Kari og Steinar Storvik 2001: Einrader-spelemenn, s. 120
Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900
Panteregister
Utskrifter kyrkjebok for Vågå
Ragnhild Aabakken Groven: munnleg fortald